



**VOLDA KOMMUNE**  
**Avdeling for dokumentasjon og service**

Til utviklingsavdelinga for vidare arbeid,

Torgeir Stensø

Vår referanse  
22/2372 22/15802

Din referanse

Sakshandsamar  
Sonja Håvik

Dato  
24.08.2022

**Plan for friluftslivets ferdsselsårer - oppstart planarbeid**

Formannskapet har i møte 23.08.2022, sak 135/22, fatta følgjande vedtak:

1. På bakgrunn av motteke tilsegn om tilskot frå Møre og Romsdal fylkeskommune samt med bakgrunn i kommuneplanen sin samfunnsdel sin strategi om å vidareutvikle gang- og stinettverk og sikre gode tilkomstar i natur- og friluftsområde, skal Volda kommune utarbeide plan for friluftslivets ferdsselsårer.

Med helsing

Sonja Håvik  
rådgjevar

Dokumenter er elektronisk godkjent og har derfor ikkje signatur

Mottakar  
Torgeir Stensø



## Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
135/22	Formannskapet	23.08.2022

### Plan for friluftslivets ferdsselsårer - oppstart planarbeid

#### Samandrag:

Møre og Romsdal fylkeskommune har gitt tilsegn om kr 50 000,- i tilskot til utarbeiding av "plan for friluftslivets ferdsselsårer" på bakgrunn av søknad frå kommunen. Miljødirektoratet og fylkeskommunen signaliserer at slik plan bør kommunane ha på plass for å kunne vere i posisjon for tilskot til kjøp/sikring og tilrettelegging av friluftslivsanlegg.

**Formannskapet 23.08.2022**

#### Behandling:

Kommunalsjef Jarl Martin Møller svara på spørsmål frå formannskapet.

#### Røysting (9 røysteføre):

Tilrådinga frå kommunedirektøren vart samrøystes vedteken.

#### FSK - 135/22 Vedtak

1. På bakgrunn av motteke tilsegn om tilskot frå Møre og Romsdal fylkeskommune samt med bakgrunn i kommuneplanen sin samfunnsdel sin strategi om å vidareutvikle gang- og stinettverk og sikre gode tilkomstar i natur- og friluftsområde, skal Volda kommune utarbeide plan for friluftslivets ferdsselsårer.

#### Kommunedirektøren si tilråding:

1. På bakgrunn av motteke tilsegn om tilskot frå Møre og Romsdal fylkeskommune samt med bakgrunn i kommuneplanen sin samfunnsdel sin strategi om å vidareutvikle gang- og stinettverk og sikre gode tilkomstar i natur- og friluftsområde, skal Volda kommune utarbeide plan for friluftslivets ferdsselsårer.

## **Saksopplysningar:**

Volda kommune har etter søknad motteke tilsegn om tilskot til utarbeiding av plan for friluftslivets ferdsselsårer frå Møre og Romsdal fylkeskommune jf brev datert 28.06.2022.

Målet med ein slik plan er å identifisere, ivareta og utvikle friluftslivets ferdsselsårer i kommunen for å sikre og vidareutvikle eit attraktivt tilbod til innbyggjarane med tanke på folkehelse, livskvalitet, bulyst og reiseliv.

Planen vil bidra til å etablere eit viktig kunnskapsgrunnlag for å ivareta friluftsliv i kommunen si arealplanlegging, og samstundes utgjere ein målretta strategi for korleis ferdsselsårene kan utviklast på ein berekraftig måte.

Planen skal greie ut no-situasjon, og skissere tiltak for å ivareta og utvikle ferdsselsårene i tråd med mål som er satt for planarbeidet. I tillegg til ferdsselsårer er det naturleg at planen omhandlar utgangspunkt for turar og turmål. Dømer på utgangspunkt for turmål kan vere parkeringsplassar, kollektivknutepunkt, utsiktspunkt, serveringshytter, dagsturhytter eller andre attraksjonar, som t.d. kulturminner. Planen kan vise korleis slike "målpunkt" knytast saman med ferdsselsårer for å gi et godt og attraktivt tilbod. Kommunar som følger ein plan for friluftslivets ferdsselsårer, vil bli prioritert i fordelinga av framtidige statstilskot til friluftslivsanlegg.

Ein ferdig plan skal innehalde:

Klart formulerte mål for arbeidet, kart med eksisterande ferdsselsårer og turruter som er relevant for planarbeidet, samt turmål og tur-utgangspunkt (målpunkt) i planområdet, informasjon om og beskrivelse av ferdsselsårene, turrutene og målpunkta, ein presentasjon av analysane, herunder måloppnåing og manglar og betringspunkt som er avdekkja, forslag til prioritering av tiltak basert på dei måla som er sett for arbeidet, ein konkret beskrivelse av korleis arbeidet skal følgjast opp.

Volda kommune har gjennom mange år arbeidd målretta med sikring/innløysing og tilrettelegging for friluftsliv m.a i Elvadalen (Volda sentrum), dagsturhytte på Grodås, badeplass på Årneset og Munken, turveg i den gamle alpinbakken Flommen (Engeset/Klepp), parkeringsplass på Krøvelseidet, samt utvikling av omfattande tiltak med sikring og tilrettelegging av friluftslivsområde på Andaneset (18 da) og seinast no på Botnasanden ved Rotevatnet (16 da). Dei fleste tiltaka er delfinansiert, nokre også fullfinansiert, med tilskot frå staten og det er ønskjeleg at kommunen kan vidareføre og utvikle dette i samarbeid med Miljødirektoratet og Møre og Romsdal fylkeskommune.

## **Vurdering og konklusjon:**

Som del av kommunen sin vidare strategi for arbeidet med tilrettelegging for friluftsliv rår kommunedirektøren til at plan for friluftslivets ferdsselsårer vert utarbeidd i samsvar med retningslinene.

Likestillingsmessige sider ved saka:

Ingen spesielle

Konsekvensar for folkehelsa:

Viktig utviklingsarbeid på eit felt som har stor betydning for folkehelse og trisel hjå innbyggjarane

Miljøkonsekvensar:

Ingen spesielle

Økonomiske konsekvensar:

Kommunen har fått tilsegn om kr 50 000,- til å utarbeide planen og vil nytte eigne resursar på utviklingsavdelinga til organisering og gjennomføring av planprosessen.

Beredskapsmessige konsekvensar:  
Ingen spesielle

Konsekvensar for barn og unge:  
Utviklingsarbeid som er viktig for alle aldersgrupper - også barn og unge

Rune Sjurgard  
Kommunedirektør

**Utskrift av endelig vedtak:**